

Vegetasjon på gravplassen

Vegetasjon er sentrale element på gravplassen og er viktig for den funksjonen gravplassen har som stad for gravferd, handtering av sorg og som samfunnet sin felles minnestad. Dette gjeld ikkje berre dei store praktfulle alleane, men òg frodige enkelttre, lubne buskar og vakre samanplantingar. Vegetasjonen kan ha historisk verdi både som landskapsarkitektur (grønstruktur) og i form av sjølve plantematerialet. Gravplassar med rik og variert vegetasjon er viktige som rekreasjonsområde i byer og tettstader og gir større biologisk mangfald. Vegetasjonen er levande og endrar seg over tid. Han har årstidsvariasjonar og er eit meningsfullt bilete på livets gang. Tre og plantar har òg ein positiv effekt på den psykiske helsa vår.

Prosjektet «Egnet jord til kistegravlegging» har dessutan peikt på at vegetasjon har ein positiv effekt på nedbryting av gravinnhald i kistegraver.

I samband med utøving av offentleg styresmakt, har ein plikt etter naturmangfoldsloven til å vurdere tiltakets konsekvensar opp mot naturmangfaldet, sjå naturmangfoldloven § 7.



Karakteristisk og storslagent tre på Horg kyrkjegard, Trøndelag. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Råd og rettleiing

Generelt om vegetasjon på gravplassen

- Undersøk om det er ein opphavelig planteplan eller gravplassplan som visar korleis vegetasjonen på gravplassen var tenkt å fungere. Vegetasjonsplanen bør ligge til grunn for skjøtsel av vegetasjonen. Om ein ikkje finn ein slik plan, kan restar av den eldre vegetasjonen slik som gamle allear og trerekker og gamle flyfoto gi god informasjon. Om ein plan har element som ikkje fungerer slik som tenkt, rår vi til at ein tar kontakt med dei som har forma han for å finne gode erstatningar. Ver og merksam på at opphavelig vegetasjonsplan kan ha hatt eit anna fokus på naturmangfald enn ein har i dag.

Der det ikkje har vore ein slik plan, rår vi til å lage ein ny for å kunne planlegge heilskapleg og langsiktig. I ein slik plan bør ein òg ta omsyn til kostnader og ressursar knytt til skjøtsel og vedlikehald av vegetasjonen og ikkje bere etableringskostnadene. Ver merksam på at den økonomiske situasjonen kan endre seg.

- Vegetasjonen bør vere egna til føremålet. Til dømes at tre langs ein gravplassveg er høgstamma slik at ein kan nytte heile bredda av vegen. Ny vegetasjonen bør kunne gå inn som ein naturleg del av den visuelle heilskapen og karakteren til gravplassen.
- Nyplanting må ikkje bidra til utilsikta spreiding av artar som står på framand arts-lista til Artsdatabanken. Ut frå omsyn til universell utforming, må nye tre og plantar vere allergivennlege.
- Vegetasjon bør vere innanfor anbefalt klimasone (H1- H8). Kart med klimasoner ligg på Hageselskapet si nettside, sjå: <https://hageselskapet.no/hagestoff/praktisk/klimasonekart-1>. Ein bør plante med tilrådt planteavstand. Staudar kan ein eventuelt plante litt tettare for å hindre ugras. Ved avvik må ein ha ei gjennomtenkt haldning til kvifor ein ikkje følgjer råda.
- Vegetasjonen må plantast med god nok avstand til graver, vegar, bygningar, murar og andre konstruksjonar på gravplassen. Ver merksam på at rotsona til tre kan vere større enn krona.

Tre og buskar

- Tre og buskar bør i størst mogleg grad takast vare på. Eit tre eller ei trerække kan gi karakter til gravplassen og buskar kan forme «veggar» og dele han opp slik at proporsjonane blir høvelege for folk.

- Før ein vedtar å felle eit stort tre, bør ein arborist eller trepleier undersøke treet. Dersom det er mogleg å skjere eller på anna måte sikre det, vil det som oftast vere ei betre løysing enn felling. Det tar mange år før eit nyplanta tre kjem opp i vaksen storleik. Gamle tre kan ha stor verdi for artsmangfaldet.
- Tre som står på raudlista som sårbar eller trua bør ikkje bli felt med mindre det er naudsynt av omsyn til tryggleiken. Ver merksam på at edellauttre har ofte verdifulle insekt-, lavarter og andre organismar, spesielt gamle tre. Enkelte arter kan bevege seg over korte avstandar. Stammar og høge stubbar kan gjerne stå igjen av omsyn til insekt og anna liv. Ein arborist eller trepleiar kan vurdere om riktig nedskjering kan gi god nok tryggleik framfor felling.
- Om det er askeskuddsjuka¹ eller almessjuke som gjer at ein må felle trea, er det ikkje tenleg å plante nye tre av same sort på same staden. Risikoen er at dei nye trea får den same sjukdommen.
- Alm, lind og ask toler ofte kraftig nedskjering godt. Det er normalt for eit vakse asketre å «felle» greiner. Vær difor spesielt merksam på asketre som står langs gangvegar og der folk ferdast.



Infoskilt ved trestamme på Niddarosdommen. Foto: Statsforvaltaran i Vestfold og Telemark.

Eng og staudar

- Ein kan gjerne nytte berekraftige/pollinatorvenlege planter som til dømes staudar og lauk til erstatning eller supplement til sommarblomstar som ein må kjøpe inn kvart år.
- Der ein skal slå graset skjeldnare enn dei ordinære plenareala, bør ein likevel slå graset langs internvegane og liknande for at heilskapen skal stå fram som velstelt. Langt gras må ein til vanleg slå ein eller to gangar i året, til dømes like etter blomstringa på forsommaren og i slutten av august. Hold auge med området slik at vekser som ein ikkje ynsker, spreier seg. Det kan vere lurt å sette opp eit lite informasjonsskilt med forklaring.

¹ Ta kontakt med NIBIO om ein har friske asketre som er omkransa av sjuke tre. Enkelte tre er motstandsdyktige, og dei er det ynskeleg å samle inn frø fra.

- Ein blomstereng treng fleire år på å utvikle seg og trivest best i godt drenerte, opplendte og lysopne areal med lite tråkk og slitasje, gjerne i sør- eller vestvendte skråningar. Bruk ein frøblanding som er tilpassa regionen. Blomstereng bør slås ein


Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørdnad som eigenarten legg til grunn.

gang i året, til dømes i august. Bruk klippande reiskap (ikkje grasklippar). Høyet må bli raka saman og fjernast. Grasklippar med oppsamlar kan nyttast på eventuell ettervekst.

Aktuelle tilskotsordningar for naturmangfald

«Tilskudd for å ivareta natur». Tilskotsordninga skal bidra til å bevare trua artar og naturtypar, utvalde naturtypar, ville pollinerande insekt, verdifulle kulturlandskap og hindra negativ påverking frå framande artar. Døme på tiltak ein kan få støtte til er nedklipping av tre grunna tryggleik og drift og vedlikehald av artsrike slåttenger. Frist 15. januar kvart år.

«Naturesats»: Kommunar kan søke tilskot til konkrete naturmangfaldtiltak. Frist 15. januar kvart år.



Til venstre: Insektsliv på Lørenskog kirkegård. Til høyre: Geilo gravlund, Geilo. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Når må ein søke statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Døme på dette kan vere fjerning av karakterdannande vegetasjon som alléar, store enkelttre og romdannande vegetasjon.

Ny planteplan for heile gravplassen vil vere ei vesentleg endring dersom han fører til vesentleg endring av karakteren til gravplassen.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vera søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Tre kan til dømes ha vern gjennom ein reguleringsplan. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Naturmangfoldloven

- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Riksantikvaren si rettleiing [Grøntanlegg – kulturminner i vekst](#)
- Norsk Standard NS 11005:2011 - Universell utforming av opparbeidete uteområder.
- NIBIO-rapport, vol. 8, nr. 97, 2022: [Egnet jord til kistegravlegging.](#)
- Artsdatabanken: [Fremmedartslista](#)
- Artsdatabanken: [Rødlista](#)
- [Blomstermeny](#) for pollinerende insekter.
- Bilag til Gravplassen 2 – 2020: [«Naturmangfold på gravplassen».](#)
- Statsforvalteren sine temanotat «Råd og rettleiing»



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Mai 2026